



Landstinget 2008

Sak 8

Frifondfordeling 2009

~~~~~==<(\*)>==~~~~~

Hyperion får kvart år store summar frå Frifond Organisasjon-støtteordninga, som er forvalta av Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Midla vi får er meint å gå til lokal aktivitet, men opp til 5% kan brukast av Hyperion til kostnader knytt til administrasjon.

Dette dokumentet fastset rammene som fordelinga av frifondmidler blir basert på.

### Om prosjektmidler

Tradisjonelt sett er det blitt sett av ein del av frifondpotten til prosjektmidler. Prosjektmidlane blir fordelt til medlemsforeiningar som har nye og innovative prosjekt dei vil ha støtte til. Forbundsstyret fastset reglane for prosjektstøttepotten og veljar eit tildelingsutval.

### Om etableringsstøtte

Det tek to år frå ei foreining melder seg inn i Hyperion til vi får pengar for dei frå staten. Grunnen til dette er at vi i 2008 søkjer om støtte basert på medlemstalet i 2007, og får utbetalt støtte i 2009.

For at foreiningar ikkje skal måtte vente i to år frå dei melder seg inn til dei får støtte, har det vore vanleg å gje etableringsstøtte. Etableringsstøtta har hatt fleire formar, frå fast sum per foreining til ein inntrappingsmodell, som foreslått i år (og brukt dei to siste åra).

### Historikk

Hyperion har i mange år fått Frifond-midlar, og har fordelt desse vidare til medlemsorganisasjonar. Vi har sidan starten vald å bruke maksimalt på administrasjon, 5%.

Dei siste årane har summen kvar foreining behaldar etter at kontingent er trukke frå gått ned. I hovudsak er dette grunna ein enorm vekst i nye foreiningar som tek del i tildelinga, men ikkje genererer støtte. Det er opprinneleg tenkt at talet foreiningar som skapar støtte men ikkje deltek i tildelinga skal vere lik talet foreiningar som tek del i tildelinga men ikkje skapar støtte, noko som ikkje har vore situasjonen. Dette skapar ein ubalanse, og at støtta til dei foreiningane som skapar støtta går ned år for år.

### Argumentasjon

Vi meiner at det er lurt å ha ei fordeling som er enkel, lett å forstå men som inneheld ein klausul for kva som skjer ved stor vekst i forbundet utan at støtta blir tilsvarende auka.

Det er vår meining at dette dokumentet klart skisserer ei god løysing og at dokumentet har ein fin balanse mellom naudsynte detaljar og lettfatta språk.

## Frifondfordeling 2009

### Frifondfordeling 2009

Kvart år får Hyperion store summer til fordeling blant medlemsforeiningane våre. Forbundet kan halde attende 5% til administrasjon, og resten må bli brukt lokalt. Dette dokumentet fastset rammene for denne fordelinga.

#### 1. Kalkulering av poeng

For utrekninga får kvar foreining tildelt ein sum med poeng som blir brukt vidare for å kalkulere kor mykje foreininga skal få av midlar, og kor mykje foreininga skal betale i kontingent.

- a) Foreiningar som var med på å generere støtta som blir utbetalt får 100 grunnpoeng pluss eitt poeng per tellande medlem under 26 år basert på medlemslista fjoråret.
- b) Foreiningar som meldte seg inn året førre støtta blir utbetalt får 100 grunnpoeng pluss eitt kvart poeng per tellande medlem under 26 år basert på medlemslista fjoråret.
- c) Foreiningar som meldte seg inn det året støtta blir utbetalt får 100 grunnpoeng.

#### 2. Tilsidesetjing av midler

- a) Hyperion skal ha ein administrasjonsandel tilsvarande fem prosent av summen vi får frå Landsrådet for Noregs Barne- og Ungdomsorganisasjonar (LNU).
- b) Det skal bli sett av 150.000kr til ein eiga pott for prosjekter. Reglane for søknad og tildeling av midlar frå denne potten blir fastsett av Forbundsstyret kvart år.

#### 3. Fordeling til medlemsforeiningar

Midlane som er til overs etter punkt to i dokumentet skal fordelast på den totale summen poeng generert av punkt ein i dokumentet. Ein får då vite kor mykje kvart poeng er verd.

#### 4. Etableringsstøtte kan ikkje senke utbetalinga til støttegenererande foreiningar

Om summen av et frifondpoeng går ned i verdi sett i forhold til fjoråret sitt nivå, skal denne alternative fordelinga bli nytta og punkt tre skal sjåast bort frå.

- a) Verdien av eit poeng for støttegenererande foreiningar (definert i 1a) skal vere lik nivået fjoråret.
- b) Den summen som er att etter punkt 2 og 4a blir fordelt på den totale poengsummen ikkje-støttegenererande foreiningar har generert, som kalkulert i 1b og 1c.

#### 5. Forbundsstyret kan endre fordelinga

Ved hendingar som ikkje er forutsett i dette dokumentet kan Forbundsstyret med  $\frac{3}{4}$  fleirtal gjere endringar.

#### 6. Døme

Det vil kome ein kalkulator på <http://2008.landstinget.no>